

## Årsmelding 2022

Nemda har vore sett saman slik:

Leiar: Ivar Haug

Stein Dalland, Jan Tore Veland

Vara: Ingebjørg Kjærevik, Anne Gerd Nysveen og Odd Midtbø

### Kort oppsummering av gjetarhundaktiviteten i 2022:

- Nemda starta med eit planleggingsmøte, i år på Bjørkheim kro, der me fordelte prøvar og diskuterte vidare aktivitetar.
- Elles har leiar delteke på nokon av HSG sine styremøter samt delteke på Teamsmøte med NSG i lag med alle fylkesleiarane.
- Leiar var også på leiarmøtet til HSG på Voss, der vart det informert litt om gjetarhundarbeidet som fåregår, og korleis spela inn saker ein ynskjer Gjetarhundnemda skal jobba med. Samtidig som lokallaga vart oppfordra om og koma med innspel.
- Det er også inngått ein avtale med Eik Senteret på Voss om kjøp av jakker med logo. Der kan ein anten bestilla og få tilsendt, eller stikka innom og prøva. Eik har logo liggende, og trykker på etter kvart som dei får bestilling.
- Fylkesmeister 2021, Sindre Hindenes med Baylie , fekk utdelt pris på årsmøtet til HSG
  
- **PRØVAR 2022**
- 04.02 klasse 1 Prøve på Voss 16 startande
- 20.03. Klasse 1 og 3 på Bømlø 45 startande
- 03.04. Klasse 1 2 og 3 på Hostelnd 24 startande
- 30.06 Klasse 1 og 2 på Osterøy 20 startande
- 05.07 Klasse 3 på Osterøy 20 startande
- 14.08. Klasse 1 og 3 på Stord 20 startande
- 20-21.08 Landsprøve på Romarheim 88 startande
- 01.10. Fylkesmesterskap i Sveio med 39 startande
- 15-16.10 Landsprøve Eidfjord 80 startande
- 22-23.10 Nursery innledande prøver i Rosendal 50 startande
- 30.10 Klasse 1, 2 og 3 i Ulvik med 35 startande
- 05-06.11 Nurseryfinale på Romarheim med 70 startande
- Legg ein i hop alle prøvane, viser det seg at det i år har stilt 507 ekvipasjar til start i Hordaland. (340 ekvipasjar i 2021)
- Norgesmesterskapet gjekk av stabelen i Leirfjord Kommune i Nordland Fylke. Her var 9 ekvipasjer frå Hordaland. Best av våre vart Ivar Haug med Max, som kom til finalen og enda til slutt på ein flott 10. plass. Hordaland vart samanlagt det 11. beste fylket, og mistar derfor ein ekvipasje til NM i 2023. Det vil sei me kan stilla med 8 ekvipasjer til neste år.
- I Norgesserien gjorde fleire ekvipasjar frå Hordaland gode løp i innledande runde, dette resulterte i at me fekk heile 4 ekvipasjar med i finalen. Beste plassering her vart Sindre Hindenes med Træet`s Lexie som enda på ein flott 18 plass.
- Nurseryfinalen gjekk av stabelen på Romarheim der var det heile 6 ekvipasjer frå Hordaland, beste her vart Sander Hindenes og Pip som enda på 3. plass
- Dommarane våre har vore svært aktive og dømt prøver på alle nivå. (DP-FM-LP-NM)
- God aktivitet òg på kurs og fellestreningar i fylket vårt.
- 10 stk kurs, tot ca 50 deltakere (regi av enkeltpersonar / lokallag)

## Gjetarhundnemda HSG



- 1 stk storkurs, 5 grupper à 5-6 deltakere (regi av nemnda)
- 55 stk registrerte fellestreninger i regi av enkeltpersoner/ lokallag.

Bak all denne aktiviteten og gode resultatene som har vore i fylket gjennom året, står det mange eldsjeler som jobbar på dugnad under alle slags forhold og i all slags vêr.

**Ein stor takk til alle dykk som bidreg til eit aktivt og triveleg gjetarhundmiljø i Hordaland!**

Ivar Haug  
Leiar